

## Referat frå årsmøtet i songkoret Ågapet 16/3 2022

Møtet vart opna av Geir Notodden kl 1900.

1. Det var ingen merknader til møteinnkallinga.
2. Geir Notodden føreslo at Tor Borgenvik vart vald til møteleiar. Det vart han.
3. Jørgen Moen og Petter Wraa vart valde til å skrive under protokollen.
4. Årsmeldinga frå styret for 2020 og 2021 vart lesen opp av sekretæren og det var ingen merknader til det som stod der. Samrøystes vedteken.
5. Rekneskopen for 2020 og 2022 var gått gjennom post for post på samandraget. Det var eit par oppklarande spørsmål. Samrøystes vedteken.
6. Val: Geir Notodden tek attval som leiar i koret. Jon Funner tek attval som kasserar og Erling Tveiten held fram som revisor. Alle vart samrøystes attvalde. Leif Roholdt hadde sagt frå at han ikkje tok attval som sekretær. I hans stad vart føreslegen Reidar Skogheim som ny sekretær. Han vart samrøystes vald.
7. Styret føreslår at kontingenten vert uendra kr 1000. Og slik vart det.
8. Det er utarbeidd nye vedtekter for koret. Desse vart utdela tidleg slik at alle kunne sette seg grundig inn i dei. Framlegget vart lese av sekretæren og det var ingen merknader. Dei nye vedtektene for Ågapet vart samrøystes vedteke.

Møtet slutt kl 1930

Leif Roholdt  
Sekretær



Jørgen Moen



Petter Wraa